



Til
Samferdselsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet


Frekhaug, 19. april 2018

Gjeld forhandlingar om byvekstavtale for Bergensområdet

Vi viser til brev send til Hordaland fylkeskommune og kommunane Askøy, Bergen, Fjell, Lindås og Os 17. april 2018, der kommunane blir inviterte til forhandlingar om byvekstavtale for Bergensområdet.

Meland kommune meiner vi bør vere ein av partane i forhandlingar om byvekstavtalen. Vi er ein av nabokommunane til Bergen og har hatt sterk vekst dei siste ti-åra. I perioden frå 2000 til 2016 har hatt 50 % vekst i folketalet og er blant dei kommune i landet som har høgast prosentvis folketalsvekst.


Hovudfartsåra mot nord, E39, går frå Bergen kommune til Meland kommune over Nordhordlandsbrua. Brua som vart opna i september 1994, har nordleg brufeste på Flatøy i Meland kommune, og ein illustrasjon på utviklinga er ÅDT-tala til Nordhordlandsbrua, frå ca. 7900 i 2000 til over 17600 i 2017. Og E39 går gjennom Meland kommune mot Lindås kommune og Knarvik. Regionsenteret Knarvik har ei regional vekstsone som og inkluderer delar av Meland kommune (sjå bilete under).



Figur 1: Henta frå regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Dette gjer Meland kommune til den einaste nabokommunen til Bergen med regional vekstsone som ikkje er representert i forhandlingane.

Meland kommune er ein stor pendlarkommune. Tal frå 2017 viser at nær 70 % av dei sysselsette i kommunen pendlar ut av kommunen. Av desse pendlar det store fleirtalet til Bergen, noko som understrekar at trafikkstraumane til og frå Meland kommune er ein viktig faktor som påverkar det framtidige transportbehovet i Bergensområdet. *Figuren under viser at Meland kommune er den einaste kommunen i Bergensområdet som har område med høg transporttetterspurnad, som ikkje er representert i forhandlingane.*



Figur 2: Henta frå regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Det er avgjerande for både resultatet av, og legitimiteten til, forhandlingane at alle partar blir inviterte til å delta. På denne bakgrunn ber vi om at Meland kommune blir inviterte til å delta i forhandlingane om byvekstavtale for Bergensområdet.

Med beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordførar
Meland kommune

Nils Marton Aadland
varaordførar
Meland kommune

Kopi:
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland